

Fra: Post Masfjorden kommune <Post@masfjorden.kommune.no>

Sendt: 02.08.2022 07:46:38

Til: Roald Kvingedal <Roald.Kvingedal@masfjorden.kommune.no>, Sveinung Toft <Sveinung.Toft@masfjorden.kommune.no>

Kopi: Svein Helge Hofslundsengen <Svein.Helge.Hofslundsengen@masfjorden.kommune.no>

Emne: VS: Svar på høyring- klage på uteområdet v/ Sandnes skule

Fra: linn lahti <linnlahti@gmail.com>

Sendt: mandag 1. august 2022 23:41

Til: Post Masfjorden kommune <Post@masfjorden.kommune.no>

Emne: Svar på høyring- klage på uteområdet v/ Sandnes skule

Uteområde ved Sandnes skule – det vert i brev til kommunen frå 31.03.22 framsett klage på støy frå ballbane og grøntområdet ved Sandnes skule. Kommunen har på bakgrunn av dette samt gjennom ei felles synfaring med naboer, rektor og leiar i FAU komme med forslag til løysningar. Det er mellom anna kome forslag om at det skal lagast reglar og hengast opp skilt med naudsynt tidsavgrensing på kvartid bana skal vere i bruk. Det vert føreslått reglar i skuletida om at ballbana kan nyttast i tidsrommet 10:00-16:30.

Sandnes vel har vorte kontakta av fleire medlemmer som har innsigelser om dette. I følgje føremålsparagrafen til Sandnes vel skal laget arbeida for felles beste og trivsel i bygda. Vidare vert det sagt at laget skal vera ein aktiv medspelar i utvikling av lokalsamfunnet og for at miljøet og naturen vert ivaretatt på ein god måte. Sandnes vel ønskjer derfor å uttale seg om saka. Det er viktig med eit godt tilbod til born og unge i bygda, ved å setje ei tidsavgrensing på bruken av bana kan dette fort føre til at ein føler seg uvelkommen. Masfjorden kommune er ein liten

komune og det er viktig at ein tek vare på dei unge i kommunen, det å redusere tilboda til born og unge vil vere å gå i feil retning. Om kommunen likevel skulle gjere endringar er det viktig at det vert laga eit tilsvarende tilbod ein annan stad på Sandnes slik at tilboden til ungdommen ikkje vert forringa. Fysisk aktivitet og sosial samling er viktig for både fysisk og psykisk helse.

Helsing

Sandnes vel